

Humedalslaget


NUMEDØLEN



November 2025



numedalslaget i oslo



Valdreslaget og Numedalslaget sin

Rakfisk-/råkåfiskfest



I samarbeid med Hallinglaget og Telelaget



Fisk, lefser og anna som høyrer til,
(det blir og litt spekemat)
Salg av god drikke

Etter maten blir det variert dansemusikk

Fredag
5. desember

Kl. 19.00
Halli i BLS

Nordahl Bruns
gate 22, Oslo

Påmelding til:



valdreslaget@gmail.com



991 69 602 /Bjarte eller til:



bjorg.tora.undebakke@gmail.com



977 54 018 /Björg

og betaling før 02.12.

til Valdreslaget i Oslo:

Bank: 0540.08.09331/ Vipps: 10275

Pris: kr 550,- for
mat, og god
dansemusikk.

450,- for medlemmer

400,- for studentar





numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 2. mars 2026

Styret kallar med dette inn til årsmøte måndag 2. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsgt. 22 (møterommet Stigelin, inngang A).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2025
5. Rekneskap 2025
6. Medlemspengar for 2027
7. Innkomne framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2026.



Lars Peder og Walborg i gang med å reinske fisk. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Medlemspengar for 2026

Medlemspengane for 2026 er:

Kr. 400,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 200,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474**. Det vert ikkje lenger sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen.



Fat med fisk står klare. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Numedalshytta – tur 14. juni

Vi møttes ved Shell stasjonen ved Bærums Verk før vi kjørte i følge mot



hytta. En etter en ble bilene parkert ved plasser langs veien alt ettersom hvor langt hver enkelt turte å kjøre. Et par uker tidligere hadde veien fra naboen/døvehytta blitt rydda for kratt og stokker så det skulle være lett å ta seg fram. Da ble også taket og terrassen kosta fri for

barnåler og løv.

Vel framme ved hytta tok vi ut bord, stoler og benker til et felles matbord. I år hadde alle tatt med litt forskjellig mat som vi delte. Vinduene ble malt hvite. Det ble sagt ned busker og trær nedenfor hytta så utsikten ble bedre.

Tilstede: Bjørg, Aasmund, Per, Walborg, Sigrun, Nils, Svein, Lars Peder og Kjersti

Tekst: Kjersti Aasen. Foto frå hytta: Kjersti Aasen og Svein Aasen



Om Numedalshytta

Hytta er liten, men har rommet mange! «....og garden den er liten, men skogen den er god.....» Hytta er ca. 10 kvm og annekset om lag det samme, men hele eiendommen er drøye 10 000 kvm. Adressen er Trulsebråten 52 A og B i Bærum kommune.



numedalslaget i oslo

Selve hytta ser ganske bra ut med nymalte vinduer og vindskibord.

Grunnmuren begynner å gå litt opp i limingen, og vi er ikke ferdige med oppmuringen på baksiden etter at vi skiftet en svill under laftet. Den gamle svillen var råttet og hytta hadde seget slik at døren var vond å få åpnet. Nå er døra grei, men vi må nok skifte gulvet foran inngangsdøra også.

Taket på annekset må også få et nytt dekke. Det er litt strevsomt å bære opp de materialene vi trenger hvis ingen har et kjøretøy slik at vi kan komme opp forbi Døvehytta. Vi trenger en høy firehjulstrekket.



Ellers har det vokst opp høye trær av både gran og furu, og det er nok på tide å ta ut litt tømmer som kan gi litt penger i kassa og flott utsikt.

Hytta har vært lite brukt de siste årene. Ikke sikkert at noen har overnattet her oppe i dette århundret! De gamle madrassene er tilnærmet flate, og nye madrasser trengs.

Tekst: Lars Peder Larsgård

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



numedalslaget i oslo

Sveins amerikatur nr. 2: Hardanger Fiddle Summer Music & Danse Workshop 17. – 20. juli 2025 ved Folklore Village nær Dodgeville, Wisconsin

Hver sommer arrangerer Hardanger Fiddle Association of America (HFAA) seminar, konserter og kurs i forbindelse med sitt årsmøte, fra torsdag til søndag en gang i løpet av juli. Temaene varierer fra år til år og det velges ut en tradisjon fra hardingfeledistriktene som er i fokus. I 2025 var det



Vestlandstradisjon som ble valgt ut. Det skulle holdes Danse Workshop/kurs i Vestlandsspringar med Alix Cordray som instruktør. Alix hadde behov for en dansepartner/meddanser for hennes faste dansepartner på kurs

hadde ikke anledning. Alix tok kontakt med meg og lurte på om jeg hadde lyst og anledning til å være med. Jeg var, som det står i Numedølen i november 2024, i USA for første gang i 2024. ESTA Travel Authorization gjelder for 2 år så jeg slapp å søke på nytt dersom jeg ønsket å reise. Dette var en fin anledning til å få en amerikatur nr. 2 så jeg sa ja. Hannah Moira Midtbø-Bruner fra Osterøy, som vi reiste sammen med, var spelemann og instruktør for Music Workshop (Advanced hardingfele).

Vi møtte på Oslo Lufthavn Gardermoen 17. juli og SAS fløy oss til Chicago O`Hare airport via Kastrup, Copenhagen. På flyplassen ble vi møtt av presidenten i HFAA, Loretta Kelly og Catherine Springer.

De kjørte oss til David Listug i Stoughton, hvor vi overnattet 2 netter. Samme opplegg som i 2024.





numedalslaget i oslo

Torsdag 19. juli kjørte David oss til Folklore Village i nærheten av Dodgeville, Wisconsin. Torsdag, fredag, lørdag og søndag var det 2 økter med kurs/instruksjon hver dag. Karin Code og Vilde Aasland spilte vestlandsspringar annenhver økt på dansekurset. Dansekurset foregikk i "Farwell Main Level", en stor sal i huset, eller i en liten kirke - Plum Grove Church. Det var 15 – 16 deltakere på dansekurset. Eldste deltaker var 100 år, hun var også med i fjor, og hun danset hele tiden. Om kveldene var det "dance party" i den store salen. Lørdag kveld var det stor fest, konsert med alle deltakere og instruktører, masse god mat, godt drikke og dans til langt på natt. Konserten startet med at alle, som hadde gått på kurs i hardingfele spilte Brudemarsj fra Seljord under ledelse av Loretta Kelly.



Vilde Aaslid, som danset i Numedalslaget høsten 24 og vinteren 25, ble på årsmøtet 19.07.2025 valgt til ny president i HFAA.

Jeg vil takke HFAA for at jeg fikk komme i år også. I USA liker de å



danse og spille mange forskjellige byggedanser. Det ble spilt og danset både setesdalsgangar, telespringar, telegangar, valdressspringar, numedalsspringar, numedalsgangar, vestlandsspringar, vossarudl, hallingspringar, rørospols, finnskogspols og nordlandspols om kveldene. Det passet bra for meg, som har lært meg så mye at jeg kan

danse alle disse dansene. Så det ble mange timer på dansegolv et den tiden jeg var der. Søndag 21. juli etter lunsj var det tid for å reise hjemover igjen, og vi tok avskjed med alle deltakere og instruktører. Loretta kjørte oss til flyplassen i Chicago. En flott opplevelse, kjekt å treffe mange av de jeg ble kjent med i fjor, og noen nye bekjentskaper.

Tekst og foto: Svein Aasen



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal vinteren 2025 og 2026

1. desember	23. mars
15. desember	20. april
12. januar	4. mai
26. januar	18. mai
9. februar	8. juni
23. februar	22. juni
9. mars	

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
350,- for medlemmar
450,- for ikkje-medlemmar
50,- per kveld for medlemmar
70,- per kveld for ikkje-medlemmar og studentar

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

Minikurs 23. november og 8. mars

Søndag 23. november 2025 og søndag 8. mars 2026 er Numedalslaget serveringsansvarleg for folkedanskvelden og vil arrangere minikurs i Numedalsdans. Følg med på heimesidene våre for fleire detaljar om denne kvelden.



numedalslaget i oslo

Jøran Stryse 1926-2025

Mangeårig primus motor i Numedalslaget i Oslo, Jøran Stryse, gikk bort i haust. Ho var fødd i Veggli 18. januar 1926 og døydde der 10. oktober 2025.

Jøran kom tidleg med i lagsarbeidet i Numedalslaget etter at ho flytte til Oslo. Ho var styremedlem i 1957-1959. I 1981-1982 var ho nestleiar før i



to omgangar var leiar i laget. Dette var i periodane 1983-1985 og 1991-1997. Jøran er så langt den siste leiaren i Numedalslaget. Etter at jo gikk av i 1998 har ikkje Numedalslaget hatt nokon leiar, men flat struktur. For innsatsen sin i Numedalslaget fekk jo Fortenestemerke i 1984, og ho vart æresmedlem i 2000.

Jøran deltok på danseøvingar i laget heilt til ho flytta attende til Veggli i godt vaksen alder. I mange år var jo den sjølvskrivne leiaren av den tradisjonelle Råkåfiskfesten. Med hennar humoristiske sans, og historier som kunne vera litt på kanten,

var det mange som såg fram til desse festane. Jøran fortsette å komme på festen til høg alder. Ho drog då fram og til bake på same dag. Som ei døme på hennar treffande replikk, tek vi med ei historie frå ei danseøving. Praten kom inn på isprisar, og ein kunne hugse at Kronesisen faktisk kosta ei krone. Da var det ein som hugsa at Kronesisen i hans ungdom kosta 15 øre. Då kom det tørt frå Jøran: Me hadde ikkje sleke fristelsar i min ungdom!

Styret i Numedalslaget i Oslo. Foto: Svein Aasen.



Mangeårig medlem i Numedalslaget i Oslo, Per Midtstigen, døde i januar. Vi har fått lov å trykke leiår i Numedal Spel- og Dansarlag, Kristin Baalerud, sin omtale av hederskonserten for Per i Flesberg i haust. Foto: Svein Aasen.

Eg kjenner framleis ei glede i meg.

Lørdag 11. oktober arrangerte Numedal Spel- og Dansarlag (NSDL) konserten «Til Per». Det var mange med som ville hedre

folkemusikkvenen Per Håvard Midtstigen med sine innslag frå scena; Jon Tharaldsen på munnspel, Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen med song, harpespel og på fløyte, Arne Møller og Michael Müller på torader og fele, Ånon Egeland, Tellef Kvifte og Leiv Solberg på feler og gitar, aleine og i samspel, Einar Eimhjellen på munnspel, Ingri Midtstigen, dotter til Per, song aleine og saman med lagets eigne Birgit Kollandsrud Friis og Åshild Wetterhus, dei to sistnemnde spela òg sjøfløyte og Kraviklyre. Andre medlemmer av NSDL var Bård Vegard Bjørhusdal og Pål Bratås i samspel på hardingfele og torader, Even Tråen



fortalde og spela hardingfele, Hege Weseth, Asgeir Blaavarp Heimdal, Svein Aasen og Kjersti Aasen dansa numedalsspringar til tonar frå Håkon Brøtan og Bård Vegard Bjørhusdal på hardingfeler. Elevane til Per, Håvard Kjontvedt spela torader og Birgit Kollandsrud Friis spela sjøfløyte. I opningsnummeret og til avslutning spela heile Numedal Spelemannslag saman med spelemannene som er nemnd ovanfor. Steinar Ofsdal ville òg gjerne ha vore med, men sende ei videohelsing til alle.



numedalslaget i oslo

Per Håvard Midtstigen var født på Hamar 2. august 1953 og vaks opp der. Foreldra kom frå Flesberg og Nore, og han var sterkt knytt til Numedal. Han var ein god skøyteløpar i ungdommen, men òg sers interessert i musikk. Han spela mange instrument, men det han huskas best for er at han førde vidare sjøfløytetradisjonen frå Numedal og einrader- og toraderspelet. Han spela òg munnspele og hardingfele og var



ein god dansar. Saman med kona Målfrid Blindheim vant han klasse A på Landskappleiken på Otta. Han vant òg på sjøfløyte fleire gonger og var dommar i fleire klasser.

Han sette Numedal på folkemusikkartet i 1977 da han saman med Ånon Egeland ga ut plata «I heitaste slåtten» og dei fekk Spelemannsprisen for denne. I 1982 blei dei og nominert for plata «Norsk strøk». Saman med Steinar Ofsdal ga han ut plata «Sjøfløyta» i 1989. Steinar sa det so sterkt på videoen under konserten; «at han nok ikkje hadde halde på med det yrke

han hadde hatt gjennom livet, om ikkje Per hadde kome med sjøfløyter frå Numedal og presentert dei for musikkinteresserte ungdommar under studietida si».

Takk til alle som var med på å heidre Per på denne kvelden, alle i laget vårt og alle som kom langvegsfrå. Takk til familien som kom alle, og til eit stort publikum, salen var fullsett. Eg er stolt, glad og takksam for å ha kjent Per og for å vera leiar for Numedal Spel- og Dansarlag. Eg gler meg skikkeleg til me skal ha Numdalsdag på Riksscenen 21. mars 2026. Mange av dei som var med i Flesberg, òg vil vera med i Oslo.



numedalslaget i oslo

Svein Aasen årets folkedansar

Svein Aasen vart utnemnd til årets folkedansar under åpninga av festivalen Dans! Dans! Dans! i januar i år. Vi saksar frå grunngevinga:

Årets folkedansar er eldsjel og entusiast, miljøskapar og tradisjonsbærar. Prisvinnaren har deltatt på tallause kappleikar i eliteklassa (klasse A) lokalt og nasjonalt, men trivst best i kulissane og på eit virvlande



dansegolv. Årets folkedansar legg kvar veke til rette for og inspirerer ein ny generasjon folkedansarar ved fyrst å organisere danseøvingar og -festar og sidan ved å vere meddansar. Sjølv lærte prisvinnaren å danse på gamlemåten heime Numedal. Då dansaren kom til Oslo på 60-talet vart han raskt ein del av dansemiljøet i Nordahl Brunsgate og har sidan dansa fast i

Bygdelagshuset fleire gonger i veka og vore primus motor mellom anna for Numedalslaget.

Prisen som årets folkedansar skal være eit kvalitetsmerke, men truleg har også prisvinnaren kvantitativt vore den folkedansaren med flest timar på dansegolvet og med flest ulike dansepartnarar i 2024.

Årets folkedansar 2024 er Svein Aasen.
Foto: Andreas Skeie Ljones.



November '25		
02.	BLS Ung / Flatlusa	Rørospols
09.	Telelaget / De Frilynde	Telespringar
16.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
23.	Numedalslaget / Buskspillrader`n	Numedalsspringar
30.	BUL / Svartskog Spelemannslag	Nordlandspols
Desember '25		
07.	Folkedansnemnda / Fanteladdene og Farande Fant	Juleavslutning

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt.

Numedalslaget på internett og sosiale media

Laget er også på sosiale media:

<https://www.facebook.com/profile.php?id=61566461657005>

https://www.instagram.com/numedalslagetioslo/?fbclid=IwY2xjawGrGFVleHRuA2FlbQIxMAABHcx1XE9Zi4F58DYkB15hBBB9HBtnu1E5bTyRgmimy4icdOUsMKMGUXCg0w_aem_u9XyBjnSoagCcrUD466RmA

Laget jobbar stadig med å legge ut ny informasjon på heimesidene. Mange gamle nummer av Numedølen er nå skanna inn og lagt ut. Ta eit blick på sidene våre her:

www.numedalslaget.no



numedalslaget i oslo

Kræsjkurs på dansefestival vinteren 2025

DANS DANS DANS er ein dansefestival med dansefestar, førestillingar, seminar og kurs i Oslo, og blei arrangert for andre gong i 27. januar til 2. februar 2025. Festivalen er eit samarbeid mellom FolkOrg, Sprang, Riksscenen, NU, SFF, og ulike medlemslag i BLS. Dei laga eit variert og spennande program der det var noko for ulike dansesmakar!

Måndag 27. januar var Numedalslaget med og arrangerte kræsjkurs saman med Valdreslaget og BLS Ung på Riksscenen. Dette var i forbindelse med opninga av festivalen. Det var eit stappande fullt lokale i kjellaren på Riksscenen, og mange fekk med dette sin første smak på å danse Numedalsspringar.

Folkedansgruppa våren 2025

Numedalslaget arrangerte minikurs i Numedalsspringar 6. april 2025. Kenneth de Gala var spelemann og Nils Øyvind Bergset instruktør. Det var 10 deltakarar på kurset.

Måndag 7. april hadde vi besøk av deltakarar på instruktørkurs på den vanlege danseøvinga vår. Dei brukte nye teknikkar for å lære oss opp i dans.

Dette semesteret hadde vi også tilgang til filmar frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans sitt rikhaldige arkiv. Vi såg, og prøvde å herme etter Numedalsfilmen frå 1926, kjende dansarar i Flesberg og Kongsberg på 1970-talet og vi såg på opptak frå Landskappleikar på 1980-talet.

Bok om Uvdal stavkyrkje

Bjørn Ole Hovda frå Uvdal har nettopp gjeve ut ei bok om Uvdal stavkyrkje på Museumsforlaget. Dette er eit praktverk om kyrkja, og du kan lese meir om boka her: <https://museumsforlaget.no/produkt/uvdal-stavkyrkje/>



Desse deltok: Nils Øyvind Bergset, Bjørg Tora Undebakke, Kjersti Aasen og Svein Aasen.

1. **Opning**

Svein Aasen opna møtet og ønska velkomen.

2. **Konstituering**

Møteleiar: Nils Øyvind Bergset, referent: Svein Aasen

Skrive under på protokoll/referat: Kjersti Aasen og Nils Øyvind Bergset

3. **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste

4. **Årsmelding 2024**

Årsmelding 2024, som og omfatta Folkedansgruppa og hytta, vart lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga vart godkjend med merknader som kom fram under handsaminga/opplesinga.


5. **Rekneskap**

Kasserar Svein Aasen gjekk gjennom rekneskapen for 2024, underteikna av kasserar og revisor 12.02.22025. Rekneskapen for 2024 viser eit underskot på kr. 3.358,68.

Rekneskapen for 2024 vart godkjend.

Medlemspengar 2026:

Inga endring, same som for 2025:



Vaksne: kr 400, barn/vaksne 14-25 år: kr 150, barn under 14 år: kr 50.
Bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr 200.

Om NU/BLS endrar sin kontingent, kan Numedalslaget og endre i same takt.

Innkomne framlegg

Ingen innkomne framlegg.

8. Val

Årsmøtet gjekk til val på framlegg frå valnemnda v/Kjersti Aasen

Valet vart vedteke etter framlegg frå valnemnda, sjå vedlegg.

Utsettingar til årsmøtet i BLS 25. mars 2025: Svein Aasen

Utsetting til landsmøtet i NU i 26. og 27. april 2024: Svein Aasen vurderer å delta på landsmøte dersom BLS støttar økonomisk.

Styret takkar alle som har bidratt på arbeid og aktivitetar i laget.

Oslo, 21.03.2025

Svein Aasen (sign)

referent

Kjersti Aasen (sign)

Protokollvitne

Nils Øyvind Bergset (sign)

Protokollvitne



Styret

Styret sidan årsmøtet i 2024:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen, Bjørg Undebakke og Kenneth de Gala.

Varamedlem: Ingunn Vagstein

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen deltok på leiarmøte og årsmøtet i BLS. Helen Engelstad Kvaalem er styremedlem i BLS og leiar i Folkedansnemnda i BLS.

Laget har hatt hyttestyre og ei nemnd for heidersmerke/fortenestemerke.

I meldingsåret hadde laget 25 medlemmar. Av desse er 1 bimedlem (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS). Laget har 4 æresmedlemmar: Reidun Kjønnaas, Jøran Stryse, Levor J. Traaen og Svein Aasen.

I meldingsåret har vi ikkje hatt styremøte. Vi har hatt kontakt via mobil og e-post, og snakka saman i pausen på øvingane. 4 frå styret er fast med på danseøvingane.

Årsmøtet 4. mars vart halde i møterommet Stigelin i Nordahl Brunsgt. 22. 5 medlemmar deltok.

Laget nyttar heimesidene på nettet, www.numedalslaget.no, til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Heimesidene er oppdatert med meir historisk informasjon og gamle nummer av «Numedølen». Lagsavisa «Numedølen» kom ut med eit nummer (november 2024). Laget har i haust kome seg ut på sosiale media att, etter nokre års fråvær. Du kan følgje oss her:

<https://www.facebook.com/profile.php?id=61566461657005>



numedalslaget i oslo

https://www.instagram.com/numedalslagetioslo/?fbclid=IwY2xjawGrGFVleHRuA2FlbQIxMAABHcx1XE9Zi4F58DYkB15hBBB9HBtnu1E5bTyRgmimy4icdOUsMKMGUXCg0w_aem_u9XyBjnSoagCcrUD466RmA

Rååkåfiskfest saman med Valdreslaget

Rååkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli i Nordahl Brunsgt. 22, fredag 6. desember.

Det var 46 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og rååkåfisk frå Løgstuen i Uvdal. Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpoteter og tilbehør som lauk, rømme og raudbeter. For dei som ikkje et lefse og rååkåfisk var det spekemat og flatbrød. Terje Rusten og Roar Hensvold (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Sindre Tronrud og Tor Inge Bue, spelte bygdedans på hardingfele.

Lagshytta, Numedalshytta

Hyttestyret for 2024 var: Lars Peder Larsgård (leiar), Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft og Tormod Haug. Hytta til Numedalslaget har eiga adresse: Trulsebråten 52. Uthuset har fått nr. 52 A og Numedalshytta nr. 52 B. Gårds og bruksnr. er: 114/38.

Det vart ikkje nokon tur til Numedalshytta i juni i år. Men 10. november i år tok Kjersti, Svein og Lars Peder ein tur for å reparere hytta. Det starta med at inngangsdøra på hytta var vond å opne og lukke. Hytta hadde sige ned på det eine hjørnet, delvis på grunn av at botnsvilla hadde råteskader og at sjølve muren var ustabil. Nå er botnsvill skifta og hytta er retta opp, men det står att å gjere ein jobb med muren som held på å gje etter mellom ytterhjørna. Dessutan må vi skifte golvet i inngangspartiet og trappa. Så her er det behov for dugnadsvillige folk. 30. desember melde Lars Peder at han hadde vore på hytta og fiksa låsen. Berre elg og rådyr har vore på besøk.

Røros-leken 3. – 5. mai 2024

Numedalslaget v/Svein arrangerte busstur til Røros saman med Hogne Tellnes i samband med Røros-leken (3 dagars leikfest). Vi leigde buss frå JVB og 37 folkedansarar deltok på bussturen.



numedalslaget i oslo

Folkedansaktiviteten

Til saman hadde vi 19 øvingskveldar i 2024. Totalt sett var det 135 frammøter på øvingane. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt møtte 19 ulike personar fram. Det var i snitt 7,1 oppmøter på øvingane. Etter at mange nye var innom i 2023, har oppmøtet stabilisert seg på eit høgare nivå i 2024, sjølv om vi ikkje klarte å halde på alle som var innom. Det kjem stadig nye folk innom øvingane, og instruktøren tilpassar opplæringa kvar kveld etter den som kjem. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Danseøvingane er støtta av Studieforbundet kultur og tradisjon.

2. april hadde vi kurs Numedalsspringar på BUL sin øvingskveld i Nynorskens hus. Det var i overkant av 50 dansarar som var til stades. Nils Øyvind var instruktør og Kenneth spelte.

Numedalslaget arrangerte minikurs, og var teknisk arrangør, på 2 folkedanskveldar:

- 14/4 i Numedalsspringar, 12 deltakarar, instruktør Nils Øyvind Bergset. Spelemann Per Midtstigen, toradar.
- 03/11 Arkivdansekurs i Numedalsspringar, 14 deltakarar. Initiativtakar og organisator Helen Engelstad Kvaalem. Kurshaldar Nils Øyvind Bergset og Kenneth de Gala spelemann. Dette er ei relativt ny kursform kor ein fordjupar seg i ein dans gjennom å studere arkivopptak. Det vart 2 timer med artig djupdykk i filmopptak av numedalsdansarar gjennom tidene. Det eldste opptaket var frå Laagendalsfilmen heilt tilbake i 1926. Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans støtta arrangementet økonomisk og dei opna arkivet for utlån av filmane.

Fleire av dansarane i laget er aktive med å danse til tevling på kappleik. Dansarar frå laget har vore med på Kongsbergmarken, Buskerudkappleik i Veggli, Landskappleiken på Gol, Hilmestemnet på Fagernes, Landsfestivalen på Vestnes og Oslokappleiken. Spelemannen vår,



numedalslaget i oslo

Kenneth de Gala, fekk sitt andre napp i fyrstepremien i klasse B på Landskappleiken, og er no A-klassemann.

Svein Aasen og Kenneth de Gala var på amerikatur sommaren 2024 og lærte bort musikk og dans frå Numedal. Dei var instuktørar på Hardanger Fiddle Summer Music & Danse Workshop 18. – 21. juli 2024 ved Folklore Village nær Dodgeville, Wisconsin Kvar sommar arrangerer Hardanger Fiddle Assosiation of America (HFAA) seminar, konserter og kurs i forbindelse med sitt årsmøte. Arnhild Brennesvik var hovudinstruktør i numedalsdans (numedalsspringar/ numedalsgangar), og Svein var medhjelpar/dansepartnar. Loretta Kelly og Karin Code var spelemenn på dansekurset. Kenneth De Gala var instruktør for Music Workshop (Advanced hardingfele) og lærte bort numedalsslåttar der.



Pynta bord på råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2025

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen Haugerudhagan,58, 0673 Oslo e-post: sveinaasen47@gmail.com	48 29 99 81
Styremedl.:	Kenneth de Gala Scheidemannshaugen 5, 3616 KONGSBERG e-post: khdegala@gmail.com	996 42 809
	Nils Øyvind Bergset Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS e-post: niloberg@online.no	41 63 95 67
	Kjersti Aasen Erlendsvei 48, 0669 Oslo e-post: aasenkjersti@gmail.com	98 06 21 65
	Ingunn Vagstein Kapellveien 157, 0493 OSLO e-post: ingunn@viib.no	982 64 288
Varamedl.:	Björg Undebakke Fallanveien 30 B, 0495 Oslo e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com	97 75 40 18
Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård Jenshaugveien 11, 1363 Høvik e-post: lars-peder@larsgaard.com	917 58 265
	Walborg Tuft Teppaveien 10 A, 0976 Oslo e-post: wutuft@gmail.com	93 26 23 56
	Sigrid Prestmoen Talleraas Th. Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård e-post: sigrid.talleraas@hotmail.com	90 01 99 70



numedalslaget i oslo

Tormod Haug

908 54 279

Heggedal torg 4, 1389 Heggedal

e-post: **tormod.s.haug@gmail.com**

Revisor:

Aasmund Flo

91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

aasmund.flo@gmail.com

Hedersm./
forteneste
m.

Svein Aasen

48 29 99 81

Nils Øyvind Bergset

416 39 567


Valkomite:

Bjørg Undebakke

Kjersti Aasen



Fornøgte deltakarar på råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



Avsendar: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- Reduksjon i pris på samkomer i Numedalslaget
- 20 % rabatt på billetter på Det Norske Teateret i Oslo. Bruk rabattkode «medlem» for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- 12 % rabatt på Comfort-, Quality- og Clarion-hotell i Noreg med rabattkode 66457.
- 15 % på Hotell Bondeheimen i Oslo. Vis medlemskort.
- 10 % rabatt på Kaffistova i Oslo. Vis medlemskort ved betaling.
- 10% rabatt på Heimen Husfliden. Vis medlemskort ved betaling.
- Sjå www.ungdomslag.no for kurs og andre aktuelle medlemsfordelar